

Svar på spørsmål frå Hammer - SV - Overføring SVV - status på utstyr

Marthe Hammer (SV) viser, i e-post dagsett 9. januar 2020, til at regjeringa har lagt til grunn at fylka skulle overta utstyr gratis frå Statens vegvesen. Dette skulle skje etter at vegvesenet hadde definert kva utstyr dei sjølv trengde. No er det fleire fylke som melder at dei har fått overført langt mindre utstyr enn det ein først tenkte.

Hammer stiller følgjande spørsmål til fylkesdirektøren:

- Kva er status for Vestland fylke i forhold til dette? Kva eventuelt manglar, kor mykje?

Svar frå fylkesdirektøren:

Overordna føringar

I Prop.1S Tillegg 1 (overføring av administrasjon av fylkesveggar frå Statens vegvesen til fylkeskommunane) går det m.a. fram at:

Statens vegvesen har nytta ulike typar utstyr og driftsmidlar til å utføre oppgåvene knytt til sams vegadministrasjon. Det same utstyret er brukt både på riks- og fylkesveggar. Når fylkeskommunane får ansvar for å administrere fylkesvegnettet frå årsskiftet, vil også dei ha behov for slikt utstyr. Statens vegvesen vil derfor gå i dialog med fylkeskommunane om overføring av utstyr frå etaten. Utstyr må kunne seiast å vere ein del av sams vegadministrasjon. Overføring av utstyr vil derfor vere ein naturleg del av oppgåveoverføringa. Overføring av utstyr vil ta utgangspunkt i det Statens vegvesen ikkje lenger har behov for til drift av riksveggar. Samferdsledepartementet føreslo at utstyr vert overført frå SVV til fylkeskommunane vederlagsfritt.

Innmeldt behov for overføring av utstyr

Bilar

Fylkeskommunen meldte inn behov for 45 bilar frå Statens vegvesen. Vi har fått overført 25 bilar som no er registrerte på Vestland fylkeskommune. Fleire av bilane vi har fått overført frå SVV er til dels gamle bilar som har gått langt. Det vil vere behov å skifte ut ein del av desse bilane etter ei stund. Det vart også meldt inn behov for spesialkøyretøy, som vi ikkje har fått overført til fylkeskommunen. Her er det opning for at vi kan «låne» desse bilane og folk når vi har behov for det. Det er inngått avtale med SVV der fylkeskommunen kan tre inn i SVV sine bilrelaterte avtalar som t.d. SVV sin avtale med Leaseplan om leasing av bilar.

Fylkeskommunen har høve til å bruke SVV sine bilar når fylkeskommunen utfører arbeid for Statens vegvesen. Dette vil først og fremst gjelde arbeid med felles driftskontraktar på riks- og fylkesveg.

Etter det behovet som er meldt inn, manglar vi framleis om lag 20 bilar. Vi løyser det akutte behovet for køyretøy gjennom å leige bilar i ein overgangsfase. Vi vil måtte lease/kjøpe bilar for å ivareta naudsynt behov framover. Dette vil ha budsjettmessige konsekvensar.

Datautstyr

I utgangspunktet kunne fylkeskommunen overta pc-ar som tilsette i fylkeskommunen brukte som tilsette i Statens vegvesen. Av praktiske årsaker vart det bestemt at vi skulle kjøpe inn nye pc-ar til alle som kom frå SVV og til tilsette etter ekstern utlysing. Tilsette frå SVV har teke med seg sine gamle skjermar over til fylkeskommunen, men det kan vere behov for utskifting av ein del av desse.

Anna utstyr

Det er meldt inn behov for overføring av diverse utstyr knytt til geofag, grunnverv, pågåande prosjekt, drift og vedlikehald og geodata. Aktuelt utstyr er til dømes landmålingsutstyr og dronar m.m. Noko utstyr er eller vil bli overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunen, men ikkje alt som er meldt inn som behov.

Det må påreknast kostnader for fylkeskommunen ved innkjøp av manglande utstyr. Vi har ikkje oversikt over kva kostnader det vil dreie seg om pr. dags dato.

Statlege løyvingar

I løyvinga frå staten til finansiering av oppgåvene knytt til fylkesveg er det lagt inn den enkelte sin del av felleskostnader, mellom anna til husleige, bilhald, IKT m.m. Det er føreset at kostnadane skal jamne seg ut over tid, men vi vil kunne få relativt store eingongkostnader første år etter omstilling.